

## Søkjjar

### Opplysningar om institusjonen

|                        |                                                    |
|------------------------|----------------------------------------------------|
| Kommunenamn            | 1500 kommune                                       |
| Institusjonsnamn       | Regional bibliotekutvikling Møre og Romsdal        |
| Postadresse            | Møre og Romsdal fylkeskommune Borgundvegen 340 NMK |
| Postnummer             | 6009                                               |
| Poststad               | Ålesund                                            |
| Leiar av institusjonen |                                                    |
| Fornamn                | Heidi-Iren Wedlog                                  |
| Etternamn              | Olsen                                              |
| Telefon                | 48 281 547                                         |
| E-post                 | post@mrfylke.no                                    |

## Sluttrapport

|                     |                                                                 |
|---------------------|-----------------------------------------------------------------|
| Tittel på tiltaket  | Leselyst med dei yngste – saman om lesekultur i Møre og Romsdal |
| Tildelt beløp       | 1 200 000                                                       |
| Antall tildelingsår | 1-årig                                                          |
| Tidsperiode         | 2024, 2025                                                      |

## Mål for tiltaket

Målet for tiltaket er å styrke biblioteka i Møre og Romsdal sin innsats for å nå ut med lesing og litteratur hos dei yngste barna, og at biblioteka har ressursar til å prøve ut nye formidlingsaktivitetar, som seinare kan gå inn i drift. Tiltaket vil gå parallelt med at vi gjennomfører kompetansehevende tiltak innan satsingsområdet "Leselyst med dei minste – saman om lesekultur" i FiF-prosjektet.

Gjennom ulike aktivitetar vil biblioteka ha som mål

- å skape leselyst hos barn i alderen 0–6 år
- å spreie kunnskap om verdien av lesing og etablere ein bevisst lesekultur for dei vaksne som er tett på barna i det daglege
- å samarbeide og jobbe på tvers med barnehagar, skolar, helsestasjonar, andre bibliotek, frivillige organisasjonar og andre

Effekten av tiltaket vil kunne sest i nyetablert eller betra kontakt med barnehagar og helsestasjonar spesielt, auke i utlånet av bøker for dei yngste, og at fleire foreldre oppsøker biblioteka saman med barna sine.

## Rapport

Vi takkar for tildelinga på til saman 1 200 000 kroner til frikjøp av bibliotektilsette eller utviding av stillingar til aktiv formidling og samarbeid mellom 20 av 27 folkebibliotek i Møre og Romsdal.

Vi har hatt kontakt med dykk når det har vore behov for endringar som vi har hatt behov for å klargjere med dykk. Den første endringa som var aktuell, var å også inkludere Ålesund bibliotek i prosjektet. Deretter fekk vi forlenga prosjektperioden eit halvt år. Ny rapporteringsfrist vart då 01.10.2025. Då eitt bibliotek ønskte å bruke fleire timar enn det var lagt opp til, fekk vi så aksept for at vi kunne tildele nokre kommunar meir enn kr 75 000 i tilskot. Grunnen til at dette vart aktualisert, er at det er svært ulikt kor mange timar dei enkelte biblioteka har bedt om å få refundert. Fem bibliotek har av ulike grunnar ikkje hatt aktivitet i prosjektet. I e-post 26.03.2025 hadde vi dialog om timebruk og utbetalingar så langt i prosjektet. Vi set pris på den gode dialogen som har vore med dykk.

### Oppstart og kompetanseheving

I tråd med søknaden gjennomførte vi våren 2024 ei kursløype og ein fagdag for dei bibliotektilsette i Møre og Romsdal der vi tok utgangspunkt i læringsressursen «Leselyst med dei minste – saman om lesekultur» som ligg i Kompetansebanken på bibliotekutvikling.no. Vi arrangerte fire digitale samlingar, 29. februar, 14. mars, 5. april og 26. april. Det kompetansehevende tiltaket vart runda av med ein fysisk fagdag i Ålesund. Det var stor deltaking på både kursløypa og fagdagen. Dette var eit tilbod til alle bibliotektilsette i Møre og Romsdal, uavhengig av om dei jobba i prosjektet eller ikkje.

Vi oppretta ei prosjektgruppe der biblioteka som var aktive i prosjektet deltok med ein eller fleire tilsette. Det var eit mål å rekruttere ein prosjektleiar frå eitt av biblioteka, men det lukkast vi ikkje med. Rådgivar Åshild Widerøe leia derfor prosjektet fram til ho slutta i stillinga si i Møre og Romsdal fylkeskommune i mai 2025. Vi oppretta ein eigen kanal i Teams for prosjektet der alle deltakarar i prosjektgruppa fekk tilgang. All digital kommunikasjon i prosjektet gjekk via Teams. Det synest vi har fungert godt.

Biblioteka laga plan for tiltak dei ønskte å gjennomføre i prosjektperioden, og undervegs i gjennomføringa har vi hatt prosjektgruppemøte jamleg.

#### Aktivitatar og erfaringar i biblioteka

Biblioteka har gjennomført ulike aktivitatar i prosjektperioden, og dei set pris på at det var opne rammer slik at prosjekta kunne tilpassast.

Mange av biblioteka har brukt tilskotet til å starte med Tøyveskebiblioteket. Arbeidet har vore tidkrevjande, men meningsfullt og lærerikt. Dei har fått svært mange positive tilbakemeldingar frå barnehagar og foreldre, og opplever at Tøyveskebiblioteket har stimulert til auka leselyst og at fleire foreldre har oppsøkt biblioteket for å låne meir. Spesielt i kommunar med lange avstandar, bidrar Tøyveskebiblioteket til å utjamne forskjellane i bibliotektilbodet.

Fleire av biblioteka har samarbeida om Bokstart med helsestasjonen i kommunen. Informasjon om høgtlesing og eit gåvekort på bok blir delt ut til foreldra som kjem til helsestasjonen.

Nokre bibliotek hadde allereie før prosjektperioden eit godt tilbod til barnehagane. Dei såg behovet for å få heimen med på lesing. Dette ved å formidle eigna litteratur og lågterskel lesestunder for føresette og barna.

Det har også vore ulike variantar av barseltreff på biblioteka, anten med eller utan babysang. Eitt bibliotek har arrangert kunstutstilling for førskulegruppa basert på ei bildebok. Andre har invitert førsteklasingar til å besøke biblioteket.

Biblioteka melder tilbake at dei har fått godt med fagleg påfyll gjennom kursrekka, og at det har bidratt til å styrke motivasjonen for å nå dei yngste. Fleire har blitt tryggare i rolla som formidlar, gjennom å få øvd og prøvd seg mykje. Det har også vore positivt at tilskotet har gjort det mogleg for fleire av dei tilsette å jobbe saman om eit prosjekt. Dette har vore bra for motivasjonen og trivselen på jobb.

Svært mange av biblioteka har gjennom prosjektmidlane fått etablert eit tilbod, som dei vil halde fram med også etter prosjektperioden. Dei skildrar prosjektet som givande å vere med på.

Fem bibliotek har av ulike grunnar ikkje kunne fullføre prosjektet. Restmidlane i prosjektet vil bli fordelt over same lest som midlane vi fekk til leselystprosjektet.

Takk igjen for tilskotet, som har gjort at biblioteka i Møre og Romsdal har kunna lagt ned ein stor innsats i å utvikle formidlinga for dei minste og å nå dei vaksne rundt barna med budskapet om kor viktig det er å skape ein kultur for lesing.

---

## Rekneskap

- 
- [Signert regnskapsrapport.pdf](#)
- 

## Vedlegg

---